



Røysterett for Alle står fram med eit nytt vårrepertoar.

**32 aktive medlemmer - god musikalsk leiar - brukande fordeling på stemmene - eit godt styre - god stemning. Kva meir kan blandakoret Røysterett for Alle ynskja seg. Det må vea ein ideell situasjon for eit kor å møta og lovprisa våren når bakgrunnen er så god. Røysterett for Alle har fire viktige oppdrag i tida fram til Nasjonaldagen 17. mai.**

- Alt neste søndag, 24. mars, skal Røysterett for Alle til Strandebarm for å vera med på konsert og basar saman med Strandebarm Songlag. Koret har vore i Strandebarm før og det er ein god plass å koma.
- Laurdag 6. april er det Kortreff i Rosendal i regi av Hordaland Korforbund. Rosendal Songlag er medarrangør. Røysterett for Alle syng på Singer's corner i Skålagato frå kl. 12. Koret er også påmeld til konsert i Kvinnherskyrkja kl. 16. Heile 9 kor frå heile Hordaland vert med på Kortreffet i Rosendal.
- Det neste på programmet er Vårkonset i Helgheim 9. mai. Programmet er ikkje spikra, men det vert inviterte gjesteartistar og mykje nytt frå repertoaret til koret.
- Røysterett for Alle sviktar ikkje med sine framføringar på 17. mai, i kyrkja og i Herøysundet og Uskedalen.

Våren har gått med til innlæring av mykje nytt stoff. Det er ein del populærmelodiar, skjemt med snert og futt, og anna frå ulike tidsepokar

Tekst: Svein Rimestad/ Kristian Bringedal  
 Nett: Kristian Bringedal  
 Foto: Atle Helland/ Røysterett for Alle